




Ingebjørg Bratland

Festidalen har sikra seg to nye namn på plakaten til årets festival. Den første er rap bandet Kamelen frå Bergen og den andre er folkemusikkaren Ingebjørg Bratland. På sin siste turne hadde ho 70 utselde konsertar.

Motpolar. Kontrastar. Kva er livet utan motsetnadar? Ingebjørg Bratland er berar og fornyar av den verdifulle folkemusikken. Kamelen er rap-myten landet elsker, fryktar og bad guy'n folket har forelska seg i. Begge med djup overtyding. Begge med intense kjensler for eige nabolag. Begge med ekta kjærleik til eigen sjanger. Ja, og så har dei begge hatt fruktbare samarbeid med ein annan av årets Festidalen-artistar, sjølvaste Lars Vaular.



Kamelen

Kamelen er bergensrapparen som snur konsertlokaler på hovudet kor enn han reiser. Berre den siste tida har han solgt ut Rockefeller, Sentrum Scene og Verftet. Bomba smalt for nokre år sidan med "Si Ingenting", ein låt som alt er å rekna som ein norsk rap-klassikar. Og Kamelen har i ettertid fortsatt å servera eksplosive hits og konsertar for feite hiphop-festar. At han og Lars Vaular leverte walk-in- låten til Cecilia Brækhus på Koengen seier sitt. Historiefortellinga er den mest truverdige frå dette miljøet i vårt land. Tøft liv, sosiale avvik, håp, motstridande tiltrekkingar- alt levert med beats og stil ein konge verdig!

Ingebjørg Bratland er artisten som, med si fengslende stemme, har klart å løfta tradisjonell og nymotens folkemusikk opp og fram i det norske popbiletet. Sist turné resulterte i imponerende 70 utsolgte konsertar. Dette, saman med 25 millionar streams teiknar ei klar skisse av ein særskild suksessfull artist. Ingebjørg opnar laurdagsprogrammet med si lune stemme og fengande musikk. Ho har bergtatt både Kongen og sitt publikum landet over. Hjø oss kjem ho for å begeistra deg.

Daidalosen uttrykker følgande:

"Kamelen er ein del av miljøet i NMG/G-huset i Bergen. I dag er dette det bankande hjarta i norsk rap og hiphop. Dette miljøet, med Kamelen i frontlinja, set premissane for dagens uredde og innovative variant av sjangeren. Låtane hans er drøye og deilege. Konsertane det same. Det er meiningslaust å svelga Kamelen, men hopp opp på ryggen og ri han inn i sommarnatta."

"Ingebjørg Bratland bitt folk, natur og musikk saman. Hennar kjærlege handverk dyppar folk-basen i særskild smaksrik popglasur. Resultatet er ei kaka både du, eg, bestemor og onkelungar kan sluka ved alle anledningar. Fordi det er kvalitet. Og fordi det er pokker så godt!"

Tekst: Pressemelding Festidalen

Foto: Pressefoto med løyve frå Festidalen

Nett: Hans Ordin Østebø